



# Smittevernplan

Revidert:

NOV  
2018



Vedteken av rådmannen i  
delegasjonssak nr. 0007/02, 31.03.02  
Revidert januar 2018

## **Innhald:**

<b>1. Smittevern i Luster kommune .....</b>	<b>2</b>
1.1. Luster kommune sine oppgåver i smittevernet .....	2
<b>2. Aktørar og ansvar i smittevernarbeidet i luster.....</b>	<b>4</b>
<b>3. Aksjonsplan for utbrot av smittesjukdom i Luster .....</b>	<b>5</b>
<b>4. Varslingsrutinar.....</b>	<b>6</b>
<b>5. Drikkevatn og næringsmiddel .....</b>	<b>7</b>
<b>6. Vedlegg .....</b>	<b>8</b>
6.1 Smittevernplan - Metodebok.....	8
6.2 Andre aktuelle lenkjer .....	10

## **1. Smittevern i Luster kommune**

Smittevernarbeidet har som målsetjing å sikre befolkninga vern mot smittesjukdommar ved å førebyggje dei og motvirke at dei vert overførde i befolkninga, dessutan motvirke at slike sjukdommar vert førde inn i eller ut av kommunen. Med smittesjukdommar meiner vi her alvorlege smittsame sjukdommar som er definerte som allmennfårlege sjukdommar.

Denne planen er et verktøy for Luster kommune for å ivareta sine oppgåver før, under og etter eit utbrot av alvorlege smittsame sjukdomar. Planen er laga i web-format og linkar der det er mogeleg til kontinuerleg oppdaterte helseressursar slik at ein sikrar at informasjonen er ajour. Den viktigaste kjelda til oppdatert informasjon i denne samanhengen er [Smittevernvegleiaren til Folkehelseinstituttet](#). Luster kommune vil i sitt smittevernarbeid halde seg til den nasjonale Smittevernvegleiaren, justert for lokale tilhøve.

### **1.1. Luster kommune sine oppgåver i smittevernet**

Kommunen skal utføre dei oppgåver innan smittevernet som smittevernloven skildrar, mellom anna;

- skaffe seg oversikt over art og omfang av smittsame sjukdommar som førekjem i kommunen,
- drive opplysning om smittsame sjukdommar og gi råd og vegleiing om korleis dei kan førebyggjast,
- syte for at naudsynte individuelle førebyggjande tiltak vert sett i verk,
- syte for at andre tiltak etter denne lova eller kommunehelsetjenestelova vert sett i verk.

For oversikt over kommunehelsetenesta si rolle i smittevernarbeidet

- <https://www.fhi.no/nettpub/smittevernveilederen/temakapitler/01.-smittevernarbeidet-i-norge---ve/#kommunehelsetjenesten>

For meir informasjon om smittevernarbeidet i Noreg

- <https://www.fhi.no/nettpub/smittevernveilederen/temakapitler/01.-smittevernarbeidet-i-norge---ve/>

Samling av alle relevante lover og forskrifter og oversikt over ansvarstilhøve

- <https://www.fhi.no/nettpub/smittevernveilederen/temakapitler/lovverk-og-smittevern/>

Samhandling med Helse Førde om smittevern

- (<http://samhandling-sfj.no/samhandlingstiltak/smittevern-kommune/>)

Prosedyrar for smittevern i omsorgstenesta

- (<http://samhandling-sfj.no/samhandlingstiltak/smittevern-kommune/prosedyrer/#tab-id-1>)

Ressurssamling etter fagdagar om smittevern

- (<http://samhandling-sfj.no/samhandlingstiltak/smittevern-kommune/fag-og-presentasjonar/>)

Delavtale smittevern mellom Luster kommune og Helse Førde (sette inn lenke)

- <http://samhandling-sfj.no/wp-content/uploads/2016/10/Delavtale-Smittevern.pdf>

## **2. Aktørar og ansvar i smittevernarbeidet i luster**

Følgjande kommunale instansar utfører oppgåver i forhold til vern mot smittesjukdommar:

### **Overordna ansvar**

- Helsesjef/kommuneoverlege Knut Cotta Schønberg  
(mobil: 905 70 768, e-post: [knut.cotta.schonberg@luster.kommune.no](mailto:knut.cotta.schonberg@luster.kommune.no))
- Smittevernlege/ass. kommuneoverlege: Bård Flattun Lilleeng  
(mobil: 900 72 708 , e-post: [bard.lilleeng@luster.kommune.no](mailto:bard.lilleeng@luster.kommune.no))

*Andre instansar og deira hovudoppgåver i smittevernarbeidet:*

### **Helsesøsterenesta**

- Vaksinasjonar, herunder influensa- og pneumokokkvaksine  
(<https://www.fhi.no/sv/vaksine/>)
- Reisevaksinasjon  
(<https://www.fhi.no/sv/vaksine/reisevaksiner/>)
- Anbefalt vaksinasjonsprogram  
(<https://www.fhi.no/sv/vaksine/barnevaksinasjonsprogrammet/>)
- Helsestasjon, skulehelseteneste og helseopplysning  
(<https://helsedirektoratet.no/helsestasjon-og-skolehelsetjeneste>)
- Meldesystem for vaksinering, SYSVAK  
(<https://www.fhi.no/hn/helseregistre-og-registre/sysvak/>)

### **Miljøretta helsevern**

(<https://helsedirektoratet.no/folkehelse/folkehelsearbeid-i-kommunen/veivisere-i-lokale-folkehelsetiltak/miljorettet-helsevern-lokalt-folkehelsearbeid>)

- Drikkevasskvalitet  
([https://www.mattilsynet.no/mat\\_og\\_vann/vann/](https://www.mattilsynet.no/mat_og_vann/vann/))
- Hygienekontroll av private og offentlege eigedomar som kan ha innverkand på helsa, til dømes campingplassar, basseng, frisørsalongar, hotell, avfallshandsaming.  
(<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2003-04-25-486>)

### **Legetenesta**

- Diagnose, melding og handsaming/oppfølging, dei har det daglege arbeidet med pasientane med smittesjukdommane.  
([Varslingsrutinar](#))

### **Mattilsynet**

(<https://www.mattilsynet.no/>)

- Inspeksjon og kontroll av næringsmiddelproduksjon. Hygienekontroll.

### **Pleie og omsorgstenesta**


- I den daglege drifta skal det leggjast opp rutinar slik at det motverkar overføring av smittesjukdommar.

### **Teknisk drift**

(<http://www.luster.kommune.no/teknisk-drift.5907059-392439.html>)


- Formell eigar av vassverka og avløpsanlegga i kommunen.

### 3. Aksjonsplan for utbrot av smittesjukdom i Luster



## 4. Varslingsrutinar

Nasjonale reglar for varsling av smittsame sjukdommar ligg her (<https://www.fhi.no/nettpub/smittevernveilederen/temakapitler/05.-varsling-om-smittsomme-sykdomme/>), herunder kva sjukdommar som skal varsles om eller meldast.



## **5. Drikkevatn og næringsmiddel**

Kommunedelplan for vassforsyning gjev oversikt over problemfelt i kommunal og privat vassforsyning. ([link til kommunedelplan](#))

Luster kommune har i sin kommunedelplan for vassforsyning lagt opp til å nytte grunnvatn i dei fleste større vassverka. Dei fleste vassverka er godkjende. Vatnet er av god kvalitet og vasskjeldene skal ha 2 barrierar evt. moglegheit for reserve desinfeksjon via mobilt UV- eller klorings-anlegg. Ein reknar med at vasskjeldene er godt sikra mot forureining med dei vedtekne reglane for vern. Det er eigar av vassverka som har ansvar for kontroll og oppfyljing av drikkevassforskrifta t.d. innsending av vassprøver til Sognlab AS og til informasjon til abonnentane ved driftsavvik. Mattilsynet er godkjenningsinstans for vassverk.

Mattilsynet om kontroll med næringsmiddel og drikkevatn:

[https://www.mattilsynet.no/mat\\_og\\_vann/](https://www.mattilsynet.no/mat_og_vann/)

## **6. Vedlegg**

### **6.1 Smittevernplan - Metodebok**

#### **Ressurssamling i smittevern og utbruddshandtering**

##### **Kva gjer vi ved tilfelle av alvorleg smittsam sjukdom?**

Som legar står vi frå tid til annan overfor eit tilfelle av alvorleg smittsam sjukdom i befolkningen, f. eks. eit tilfelle av alvorleg smittsam sjukdom i befolkningen, t.d. tilfelle av smittsam hjernehinnebetennelse hjå eit barn. Vi får gjerne beskjed om dette frå det sjukehuset der pasienten er innlagd, men òg frå pårørande eller andre. Korleis handlar vi når "alarmen" går? Det blir viktig å gjere dei rette tinga i rask rekkefylgje.

Etter erfaring er punkta:

1. Få oversikt over situasjonen og få bekrefta dei faktiske forhold. Prøv å få eksakt diagnose.
2. Få kartlagt familieforhold og nærmiljø med tanke på mogelege førebyggjande tiltak her.
3. Oppslag i Smittevernveegleiaren (<https://www.fhi.no/nettpub/smittevernveilederen/>) evt direkte kontakt med infeksjonsmedisinar for supplerande opplysningar og informasjon om sjukdommen.
4. Juridiske forhold skal belysast (<https://www.fhi.no/nettpub/smittevernveilederen/temakapitler/lovverk-og-smittevern/>)
5. Oppdatering av siste gjeldande anbefalingar for behandling og førebyggande tiltak . Tiltak overfor miljø. (<https://www.fhi.no/nettpub/smittevernveilederen/>)
6. Rask beskjed/skriftleg informasjon på nettsidene til kommunen, eventuelt med lenker frå nettsidene til skule eller barnehage og lenke distribuert elektronisk til føresette. Kan fylgjast opp med klassemøte eller liknande
7. Legevaktordninga og fastlegane i kommunen skal varslast spesielt.
8. Ikkje vent til media kontaktar deg. Ha klar ein skriftleg informasjon som kan sendast på epost til media.
9. Gje ny informasjon når det er grunnlag for det. Dersom mistanken om alvorleg smittsam sjukdom var "falsk alarm", ikkje nøl med å gå ut med det.
10. Ikkje gøy deg bort. Vær klar, synleg og tilgjengeleg. Bodskapa må vera klåre.
11. Legg trygt annan sakshandsaming til sides og sørge for at dine andre samarbeidspartnarar får beskjed om dette.
12. Ikkje eksponer usikkerheit i krisesituasjon. Hold deg til gjeldande retningsliner. Hald di tvil for deg sjølv.
13. Sørg for at tilfellet er meldt til overordna mynde i medhald av retningslinene (<https://www.fhi.no/nettpub/smittevernveilederen/temakapitler/05.-varsling-om-smittsomme-sykdomme/>)
14. Vurder om Beredskapsgruppe for smittesjukdommar skal kallast inn eller berre deler av det. (Lenke til Varslingsplan)
15. Det skal utarbeidast ein aksjonsplan som ein dokumentasjon av arbeidet og framføring. Arbeidet skal dokumenterast. (Lenke til aksjonsplan)
16. Det skal gjevast informasjon til media etter at pårørande er informert. (Lenke til Pressekontakt)

## **Tiltak etter diagnose og type utbrot**

- Oppdatert informasjon for aktuelle diagnosar og smittestoff hjå Folkehelseinstituttet (Syksommer a-å):  
<https://www.fhi.no/nettpub/smittevernveilederen/> og  
<https://www.fhi.no/sv/smitsomme-sykdommer/>

## **Informasjon ved utbrot av hovudlus**

- Sjå oppdatert informasjon hjå Folkehelseinstituttet:  
<https://www.fhi.no/ml/skadedyr/lus/>

## **Råd om sjuke barn og smitte i barnehagen**

- Det herskar stadig usikkerheit omkring behandling av sjuke barn i barnehage, kva tiltak som skal setjast inn og kva råd som skal gjevast. Folkehelseinstituttet har utarbeida ein vugleiar for foreldre og tilsette i barnehagane:  
<https://www.fhi.no/sv/barnehage/nar-ma-barnet-vare-hjemme-fra-barne/>
- Vugleiar for hygiene i barnehagar: <https://www.fhi.no/sv/barnehage/forebygging-av-smitsomme-sykdommer/>

Barnehagane skal ha eit registreringssystem for å kunne fanga opp og dokumentera om det er fleire tilfelle på gang av ein smittsam sjukdom. Ved fleire tilfelle i barnehagen eller ein blir smitta på ny, bør helsesøster eller smittevernlegen kontaktast for vidare råd og tiltak.

## **Smittevern på utanlandsreiser**

- Sjå eigen vugleiar:  
<https://www.fhi.no/nettpub/smittevernveilederen/temakapitler/12.-utenlandsreiser-og-smittevern--/>

## **Vern mot vannbåren smitte**

- Sjå vugleiar: <https://www.fhi.no/nettpub/smittevernveilederen/temakapitler/10.-vannhygiene---veileder-for-hels/>

## **Innvandrarar og smittevern**

- Oversikt: <https://www.fhi.no/nettpub/smittevernveilederen/temakapitler/13.-innvandrere-og-smittevern-inklu/>

## **Tuberkulose:**

- <https://www.fhi.no/nettpub/tuberkuloseveilederen/forekomst-og-kontroll/4.-grupper-med-plikt-til-tuberkulos/>

## **Beredskap mot biologiske våpen, bioterrorisme og anna overlagt spreiing av smitte**

- Sjå vugleiar: <https://www.fhi.no/nettpub/smittevernveilederen/temakapitler/24.-smittevernberedskap---veileder-/>

## **Forebyggjing av smitte ved injiserande stoffmisbruk**


- Det skal vere lett og gratis tilgong på brukarutstyr for injiserande stoffmisbrukarar som bur eller oppheld seg i ein kommune. I Luster kommune er dette organisert slik at Luster apotek i Pyramiden kjøpesenter i Gaupne deler ut slikt utstyr gratis til brukarar som etterspør dette.

## **6.2 Andre aktuelle lenkjer**

- Vaksiner og vaksinasjon  
<https://www.fhi.no/sv/vaksine/>
- Vegleiar for skadedyrkontroll  
<https://www.fhi.no/nettpub/skadedyrveilederen/>
- Smittevern på utanlandsreiser  
<https://www.fhi.no/nettpub/smittevernveilederen/temakapitler/12.-utanlandsreiser-og-smittevern--/>
- Innvandrarar og smittevern  
<https://www.fhi.no/nettpub/smittevernveilederen/temakapitler/13.-innvandrere-og-smittevern-inklu/#rutiner-ved-mistanke-om-smittsomme-sydommer-ved-mottak>
- Tuberkulose  
<https://www.fhi.no/nettpub/tuberkuloseveilederen/forekomst-og-kontroll/4.-grupper-med-plikt-til-tuberkulos/>
- Nasjonal beredskapsplan for pandemisk influensa  
[https://www.regjeringen.no/contentassets/c0e6b65e5edb4740bbdb89d67d4e9ad2/nasjonal\\_beredskapsplan\\_pandemisk\\_influenta\\_231014.pdf](https://www.regjeringen.no/contentassets/c0e6b65e5edb4740bbdb89d67d4e9ad2/nasjonal_beredskapsplan_pandemisk_influenta_231014.pdf)
- Luster kommune sin beredskapsplan for pandemi – lokal  
<http://www.luster.kommune.no/getfile.php/4206843.1686.ib7psijqiawjww/Pandemiplan.pdf>



## Luster kommune - organisasjonsmodell



### Politiske organ

Kommunestyret (25 representantar) er kommunen sitt øvste organ. Alle store/viktige saker vert avgjorde her, etter tilråding frå formannskapet/næringsutvalet (7) eller plan- og forvalningsstyret (7). Det to sistnemnde organ avgjer sjølv ein del saker etter fullmakt frå kommunestyret. I tillegg får kommunestyret også nokre saker frå eige kontrollutval (5) og frå mellombelse komitear (særskilde saker). Alle val til faste politiske organ er for 4 år. Ordføraren er kommunen sin fremste representant. Han leiar møta i kommunestyret og formannskapet/næringsutvalet.

### Rådmannen

Rådmannen leiar administrasjonen, har tilrådingsrett i alle saker til politiske organ og har ein overordna oppfølgings- og støttefunksjon for alle underliggjande tenesteeiningar. Rådmannen avgjer sjølv ein del saker etter fullmakt frå kommunestyret. Rådmannen har 11 ulike stabseiningar til å hjelpe seg i dette arbeidet. Dette er personal/organisasjon, økonomi, eigedom, oppvekst, kultur, folkehelse, plan, næring, IKT og kvalitet, omsorg og servicetorget. Rådmannen har, blant sine stabseilarar, peika ut primære kontaktpersonar for alle tenesteeiningane.

### Kommunale foretak

Lustrabadet KF er organisert som eit kommunalt foretak med eit styre som rapporterer til Formannskapet / Kommunestyret

### Tenesteeiningane

Kommunen har 21 tenesteeiningar som primært yter tenester til innbyggjarane. Kvar eining har ein eigen leiar som rapporterer til rådmann, då primært til ovnemnde kontaktperson. Desse leiarane arbeider med grunnlag i eit eige administrativt delegeringsreglement, fastsett av rådmannen.

1) Kommunen har fylgjande oppvekstsenter: Skjolden oppvekstsenter, Luster oppvekstsenter, Jostedal oppvekstsenter, Indre Hafslol oppvekstsenter og Solvorn oppvekstsenter.

2) Kommunen har fylgjande grunnskular: Gaupne skule, Luster ungdomsskule og Hafslol barne- og ungdomsskule (administrerer også Veitastrand)

3) Kommunen har fylgjande barnehagar: Gaupne barnehage, Gamlestova barnehage og Hafslol barnehage.

4) NAV Luster er leia i partnarskap mellom stat og kommune.

5) Luster omsorgssenter, Gaupne omsorgssenter, Hafslol omsorgssenter og Grandmo busenter

### Interkommunalt samarbeid

Kommunen har fylgjande interkommunale samarbeid:

- Sogn kulturskule (Leikanger er vertskommune)
- Sogn barnevern (Sogndal er vertskommune)
- SIMAS (IKS)
- Sogn brann og redning (IKS)
- Sogn PPT

I tillegg kjem fleire mindre interkommunale samarbeid